

Årsmelding 1992

92

NORSK KULTURRÅD

Årsmelding 1992

92

NORSK KULTURRÅD

Leiaren har ordet	1
Året 1992 – hovuddrag i verksemda	2
I fokus:	
Norsk kulturråd og samisk kultur	4
Fråsegner	7
Utgreiingar, konferansar o.l.	10
Norsk kulturråds prisar 1992	11

Disponeringa av Kulturfondet

Hovudfordeling	13
Litteratur	14
Tidsskrift	17
Musikk	18
Biletkunst og kunsthandverk	20
Kulturvern	22
Samisk kultur	24
Barne- og ungdomskultur	26
Kulturbygg	28
Andre formål	29
Administrasjonsutgifter	

Råd, utval og administrasjon

Vedtekter, retningslinjer og reglement	31
Råd og utval	31
Kontakt med andre organ	34
Rådets administrasjon	34

Lister over innkjøp og løyvingar i 1992

Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur	35
Innkjøpsordninga for nye norske barne- og ungdomsbøker	36
Litteratur, andre løyvingar	37
Tidsskrift	39
Musikk	40
Biletkunst og kunsthandverk	41
Kulturvern	42
Samisk kultur	43
Barne- og ungdomskultur	45
Kulturbygg	46
Andre formål	47

Tilbakeblikk

Den sjuande fireårsperioden i Norsk kulturråds historie er avslutta, og nye rådsmedlemmer for dei kommande fire åra er oppnemnde. For meg som avgått leiar er det difor grunn til å sjå attende ikkje berre på 1992, som denne årsmeldinga gjeld, men på heile fireårsperioden.

Norsk kulturråd har alltid oppfatta seg sjølv som eit kulturens forsøks- og utviklingsråd. I alle rådsperiodar har fleire av rådsmedlemmene vore aktive kunstnarar, som i tillegg til grundig fagleg innsikt også har hatt evna til nyskapande tenking. Dette har vore til stor vinning for rådets arbeid og har vore med på å motverke at verksemda skulle stivne i byråkratiske former.

Det som gir Norsk kulturråd høve til å stø nyskapande aktivitetar eller sette i gang eksperimenterande prosjekt, er sjølv sagt dei midlane vi rår over gjennom dei årlege løyvingane til Norsk kulturfond, siste året om lag 130 millioner kroner.

Ein del av fondsmidlane er rett nok bundne til faste ordningar. Særleg gjeld dette innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur, som legg beslag på meir enn ein tredel av budsjettet.

Innkjøpsordningane har vore – og er – heilt naudsynte for å halde oppe og vidareutvikle norsk skjønnlitteratur i vårt lille språkområde. Omsynet til vår eigen litteratur var då også ein av grunnpilarane i argumentasjonen då Norsk kulturråd vart skipa.

Samstundes har innkjøpsordningane lenge vore ein uforutsigbar utgiftspost for rådet. Faktorar som prisauke og titteltal har gjort det vanskeleg å handtere ordningane innanfor ei på førehand fastsett ramme. Men når innkjøpte titlar i åra 1990–92 nå har stabilisert seg på 180–200 titlar på «vaksen- ordninga» og 100–110 titlar på «barne- og ungdomsordninga», og det vidare er innført fast arkprissystem for alle bokinnkjøp, ser både desse ordningane ut til å vere under budsjettmessig kontroll.

Men sjølv om innkjøpsordningane har tatt meir og meir av kulturfondsmidlane, har Kulturrådet likevel gitt stønad til om lag halvparten av dei rundt 6000 søknadene vi fekk i siste fireårsperiode. Av særleg stor verkstad for åra framover trur vi satsinga på barn og ungdom har vore. Nemnast kan til dømes prosjekta «Prøv selv» for barn og «Kulturgiv» for ungdom.

I 1991 vedtok Kulturrådet å leggje opp til særskilde satsingsområde i åra framover, i tillegg til dei faste arbeidsområda. *Kultur og reiseliv* og *eit betre visuelt miljø* vart blinka ut for satsing frå 1992, saman med det faste arbeidsområdet *barne- og ungdomskultur*, og rådet ventar seg mykje av dette.

Med omsyn til dei mange tiltaka som vi elles har støtta eller sett i gang i dei fire siste åra, viser eg til denne årsmeldinga og meldingane frå tidlegare år. Eg har her berre lyst til å nemne at vi i desse fire åra har komme med om lag 50 fråsegner i kulturspørsmål.

Til slutt noen ord om samisk kunst og kultur. Hovudansvaret på dette området har til no kvilt på Norsk kulturråd. Frå 1.1.93 ligg ansvaret på det nyskipa samiske kulturrådet under Sametinget, slik at Norsk kulturråd her har fått ei avlastning.

Men det er meir enn nok av spanande, uløyste oppgåver att. Ein del oppgåver er nemnde i denne årsmeldinga. Regjeringas kulturmelding vil sikkert óg stå sentralt i Kulturrådets arbeid i åra framover. Eg ønskjer det nye rådet lykke til i si verksemd til gagn for heile landets kulturliv!



Andreas I. Kræmer

Ny kurs

1992 var eit godt år for Norsk kulturråd. Profilen som meir av eit kulturens forsøks- og utviklingsråd vart styrkt. Første vilkåret, å få kontroll over kostnadene for innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur, var i hamn ved årsslutt. Dei faste forvaltningsoppgåvene minka: Andre instansar overtok stønadsordningane for frie sceniske grupper, utsmykking av offentlege bygg, debutant- og utstyrsstønad til biletkunstnarar og kunsthandverkarar og trykkingsstønad for noter. Dei to nye satsingsområda «Kultur og reiseliv» og «Eit betre visuelt miljø» tok form, og nye forsøksprosjekt starta opp på dei faste arbeidsområda.

Etter innspel på kulturrådskonferansen hausten 1990 om Kulturrådet som eit kulturens forsøks- og utviklingsråd, gjekk rådet inn i ei slik utvikling i 1991, godt sekundert av Kyrkje- og undervisningskomiteen, som i behandlinga av statsbudsjettet hausten 1991 streka under at Kulturrådet ikkje bør administrere faste stønadsordningar.

Meir frie midlar

For 1992 fekk Kulturfondet 130 438 000 kroner av Stortinget. Av desse midlane gjekk vel 60 millionar til ulike innkjøpsordningar for litteratur og biletkunst, og til utval og administrasjon. Fire millionar var bundne av tilsegner frå tidlegare år. Det var då vel 66 millionar att til nye søknader og eigne prosjekt, seks millionar meir enn året før. Størstedelen av desse midlane gjekk til tiltak i distrikta.

I alt vart Kulturrådet søkt om 312 millioner kroner, litt mindre enn i 1991. Årsaka ligg i dei fire stønadsordningane som var overførte til andre instansar.

Kultur og reiseliv

Dette er ei særskild satsing i fire år, med sikte på å leggje grunnlaget for eit varig og kontinuerleg samarbeid mellom kultur og reiseliv nasjonalt, regionalt og lokalt. Målet er kulturell vekst, positiv næringsutvikling og auka sysselsetting. Døme på prosjekt: Ei handbok som presenterer ulike kulturattraksjonar og opplevingar i Noreg gjennom tekst og illustrasjonar, med turoperatørar som hovudmålgruppe. Ei brukarhandbok for museum, med praktiske råd om korleis ein legg til rette for å nå publikum. Ei brukarundersøking om kva kulturområdet har å seie for reiselivsnæringa.

Eit betre visuelt miljø

Det andre fireårige satsingsområdet er det visuelle miljøet. I første omgang har Kulturrådet gått inn i prosjekt som tar vare på det estetiske aspektet ved stad utforming generelt og planleggjing og utbyggjing av nye veganlegg spesielt. Mellom anna er det gitt tilskot til eit forskningsprosjekt på estetikk og kultur i samband med bensinstasjonar. Rådet prioriterer tiltak som e tverrfaglege og modellutviklande, har overføringsverd og gir sysselsettingseffekt. Satsinga vart lansert på konferansen «Omgivelser som kultur» våren 1992, samarbeid med Kulturdepartementet.



Visuelle kvaliteter i gammalt trehusmiljø.

Litteratur

I 1992 gjekk budsjetta for innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur i hop, etter fleire år med store vanskar. Ei viktig årsak var avtalen mellom Kulturrådet og forleggarforeningane om å leggje ein fast arkpris ti grunn for kostnadsrekninga, og ikkje som før utsalprisen for boka.


Den treårige prøveordninga med innkjøp av omset skjønnlitteratur gjekk ut i 1992 og vart evaluert av UTL NOR. Konklusjonen var at ordninga bør gjerast permanent, og det bør vere ei eiga ordning for barne- og ungdomsbøker. Også prøveordninga med stønad til nye norske teikneseriar går mot slutten. Røynslene så langt viser at behovet for stønad til seriar med mindre omfang enn album er stort, og andre stønadsformer vi bli vurdert.

Prosjektet «Arbeidslaus ungdom og litteratur» starta i 1992, i samarbeid med Statens bibliotektilsyn Halden, Vestre Toten, Kåfjord i Troms og Møre og Romsdal fylkeskommune er med, og modellane er ulike både i innhald og tidsramme.

Musikk

Kulturrådet har latt eit utval sjå på behovet for eit profesjonelt kor. Utgreiinga kom i juli, og etter høyring gjekk rådet inn for at det bør skipast eit frittstående profesjonelt kor i Noreg, med full statleg finansiering.

I 1992 starta prosjekt «Musikkdilla» opp, i samarbeid med Rikskonsertene og Barneredaksjonen i NRK P1. Det gjeld tiltak for å betre fonogramproduksjonane for barn og unge, frå tradisjonssongar til soger og samtidsmusikk.



Eit anna tiltak heiter «Kulturkobling». Tekstforfatta-
ar, komponistar og andre skapande kunstnarar vart
opla saman, så det kan bli nye, norske musikkteater-
produksjonar for barn og unge.

Biletkunst og kunsthandverk

Det store prosjektet på dette området er «Pilotgallerier
for barn og unge». Rådet har løyvt 5,5 millionar over
tre år, institusjonar i Akershus, Rogaland, Buskerud,
Vest-Trøndelag, Nordland og Troms er plukka ut, og
prosjektet startar opp i 1993.

«Galleriundersøkelsen 1991», ei undersøking av
utstillingstilhøva for kunst utanom dei fire største byane,
er ferdig på tampen av året og er spreidd til alle
kommunar, fylkeskommunar, kulturinstitusjonar og utstil-
lingsstader for kunst.

Kulturvern

På museumssida er det mellom anna satsa på informa-
jonsteknologi. Til dømes har Norsk folkemuseum fått
tønad til ein biletdatabase. Også på arkivsida har
rådet gått inn med midlar til teknologi, eit databasert
registreringssystem for lokal- og privatarkiv. Av prosjekt
om elles merkjer seg ut, er St Jørgen Hospital i Bergen
senter for lepradokumentasjon, og istandsetting av
aubanesentralen i Longyearbyen på Svalbard.

Samisk kultur

I 1992 var siste året Kulturrådet hadde ansvaret for dei
samiske kultursakene. Frå 1993 tar eit samisk kulturråd
over Sametinget over. Søknadsmengda er i sterk vekst,
og Kulturrådet løyvde i 1992 om lag 5,5 millionar
krone til samiske kulturformål, nesten ein million meir
enn avsetninga i budsjettet.

Barn- og ungdomskultur

Prosjektet dreier seg i hovudsak om større prøvepro-
sjekt. Nye treårige prosjekt i 1992 var barnefilmklub-
bar, barn/unge og dans, barn/unge og museum og
pilotgalleri for barn og unge (saman med biletkunstom-
rådet). Elles er det mellom anna gjort ei kartlegging av
kulturinnhaldet i skolefritidsordningane og ei evaluering
av korleis barna sjølve ser på dei.

Kulturrådet var med og arrangerte konferansen
«Ungdom og kultur – de unges ansvar?», der det
mellom anna vart fokusert på ungdom som aktive
kulturutøvarar og formidla røynsler frå aktuelle tiltak på
 ulike kulturområde.

Kulturbygg

I 1992 hadde Kulturrådet 8,5 millionar til kulturbygg og
at med søknader for 70 millionar. Utan ei solid påplus-

sing for 1993 meinte rådet at det prinsipielt burde fritas
for dette ansvarsområdet.

Andre formål

Kvart år freistar Kulturrådet å få denne avsetninga så
stor som råd er, for det er her det er midlar til slikt som
går på tvers av eller fell utanfor dei øvrige avsetningane.
I 1992 gjekk satsinga på kultur og reiseliv og det visu-
elle miljøet av desse midlane, men frå 1993 vert det sett
av egne avsetningar til dette.

Større prøveprosjekt på denne avsetninga er elles
Norsk Dukketeater Akademi i Fredrikstad, Nordland
dukketeaterverksted i Stamsund og Nordic Black Thea-
tre i Oslo.

Kulturrådet har tatt opp behovet for meir og betre
kulturstatistikk, og i 1992 kom «Rapport 92/12 Kultur-
og mediebruk 1991» utgitt av Statistisk sentralbyrå, og
«Bøker i tall», utgitt av Norsk kulturråd.

Kulturjournalistikk

Kulturrådet har skipa ein årleg pris for å stimulere
kulturjournalistikken i Noreg. Første utdeling var i juni
1992, og det var IdaLou Larsen i Nationen som fekk
prisen.

Utgreiingar, konferansar m.m.

Kulturrådet har to hovudoppgåver, å forvalte Kulturfon-
det og å vere eit rådgivande organ for staten i kultur-
spørsmål. Til den siste oppgåva er utgreiingar, fråseg-
ner og konferansar viktige verkty.

I 1992 har rådet vore med og arrangert konferan-
sar om m.a. omgivnaden som kultur, om kunstformid-
ling i skolen og om ungdom og kultur. Og rådet var
medarrangør for Reiselivsdagane i Harstad. Det vart
lagt fram ei utgreiing om profesjonelt kor i Noreg, ein
plan for vern av fotografi og ei undersøking av utstil-
lingstilhøva for kunst utanom dei fire største byane.



I meir enn 25 år har Norsk kulturråd engasjert seg i samisk kulturreisning. Når no Samisk kulturråd tar over ansvaret, er det på sin plass med eit lite tilbakeblikk.

Skiftande signal

Mot slutten av 1800-åra vart den positive utviklinga som hadde prega språkpolitikken og opplysningsarbeidet sidan 1820-åra, avløyst av ein meir målmedvitte fornuftspolitikk. Den veksande nasjonale sjølvhevinga med sikte på lausriving frå Danmark og Sverige førte til eit sterkare nasjonaliseringspress mot minoritetane og særleg mot folket i grenseområda i nord. Offisielt galdt det å betre norskkunnskapane og det allmenne kunnskapsnivået, for å bedre dei materielle og kulturelle kårane. Fram mot Andre verdskrigen kunne den offisielle politikken vise til ei rad materielle framsteg, m.a. betre skolestell, kommunikasjonar, bustadtilhøve og helsestell.

I mange lokalmiljø stod likevel samekulturen sterkt. Og nettopp under fornuftspresset vart kimen lagt til ein ny samepolitikk – til å begynne med i strid med den offisielle lina.

Gjenreisningstida

Gjenreisninga etter krigen førte samane nærare storsamfunnet. Gjenreisningstida med sine mange skjema og rundskriv og framande fagfolk gav riksspråket høgare prestisje og enormt mykje større bruksflate enn før. Den nye utviklingsoptimismen var forankra i ein ideologi der økonomisk vekst, sosial og geografisk mobilitet og ei livsform prega av auka forbruk var dei synlege teikna på framsteg. I fleire tradisjonelle samebygder som i mellomkrigsåra var prega av fattigdom og til dels sosial naud, hadde denne utviklingstrua særleg gode vekstkår. Tankar om revitalisering av tradisjonelle, samiske verdier vart avviste som totalt uaktuelle.

I 1948 foreslo Samordningsnemnda for skoleverket å bryte med den norske nasjonaliseringsprosessen og i staden gi rom for samisk språk og kulturfag i skolen. Av lokalaviser frå 1940-50-åra kan ein sjå at reformforslaga kom temmeleg brått på mange. Det var gjengs oppfatning blant lokalpolitikarar at tiltak for samisk språk og kultur var fjern teori utan aktualitet for deira framtidige liv.

Samekomiteen av 1956

I innstillinga si la «Komiteen til å utrede samespørsmål» opp til eit avgjerande brøt med den gamle assimilasjonslina. Dette vekte voldsom strid i Finnmark, også i dei fleste samebygdene. Komiteen vart skulda for forsøk på å isolere sameområda frå den sosiale og økonomiske framgangen i landet for øvrig. Mange samiske politikarar støtta dette synet. På den andre sida førte

debatten til at mange samar aktiviserte seg til støtte for ein positiv minoritetspolitikk, og fleire nye sameforeiningar vart stifta.

Styresmaktene slutta seg i store trekk til Samekomiteens innstilling, og etter stortingsbehandlinga kan ein seie at Noreg i prinsippet gjekk inn for ein aktiv og positiv kulturpolitikk for den samiske minoriteten.

Treig reformprosess

Det var no grunn til å vente ein langt sterkare og meir planmessig innsats for å fremme materiell og kulturell vekst på samisk grunn. Innføring av samisk begynnarundervisning i grunnskolen vart ei prioritert oppgåve, men for øvrig gjekk det treigare enn venta med nye tiltak. Dette hadde fleire årsaker. Ei av desse var utvilsamt mangel på tverrfagleg og tverretatleg koordinering av planar og tiltak. Den offentlege administrasjonen vart heller ikkje styrkt for å makte skippertaka som reformforslaga la opp til.

I samsvar med framlegg frå Samekomiteen vart Norsk Sameråd skipa i 1964. Mindretalet i komiteen foreslo eit eige kontor for samiske saker innanfor sentraladministrasjonen. Dette vart først oppretta i 1980, i Kommunaldepartementet.

Samekomiteens innstilling var ein rammeplan. Dermed var det behov for ei rad spesialutgreiingar på ulike felt. Slike kom frå slutten av 1960-åra og utover, og ein kan seie at utgreiingsarbeidet framleis pågår. Frå starten av stod undervisnings- og næringssaker i fokus, medan kultursektoren med sine mindre iaugnefallande behov vart liggjande i eit vakum trass i dei offisielle erklæringane om oppvurdering av samiske kulturverdier. Slik var stoda då Norsk kulturråd vart skipa i 1965.

Kulturrådet trår til

Forvaltningsmessig vart «det samiske kulturproblemet» løyst ved at Norsk kulturråd fekk ansvaret for statens engasjement. Kulturrådet fekk eit fond, og dette gav rådet stort sjølvstende, noe som kunne vere problematisk i høve til det samiske feltet, som òg hadde ei klart politisk side. I dei samiske spørsmåla heldt rådet seg difor noe tilbake. Ut frå det synet at samisk kultur berre kan bevarast og vekse gjennom aktiv innsats av sine eigne, flytta Kulturrådet mest mogleg av det kulturpolitiske initiativet ut til sakkunnige samiske utval. Dei samiske hovudorganisasjonane og Norsk Sameråd hjelpa til med å finne fram til samiske samarbeidspartnarar.

Det sakkunnige utvalet for samisk kunst og kunsthandverk vart skipa i 1970 og har m.a. stått for innkjøp av samisk kunst og kunsthandverk til utsmykking av samiske skolar og andre lokale der samar ofte møtest



Runebomme

eller der det samiske bør markerast. Det er også halde kurs i spesielle handverk som står i fare for å bli borte.

Tiltakskomiteen for samisk litteratur kom i arbeid hausten 1971. Kulturrådet hadde heilt frå starten av sett av pengar til å utgi litteratur på samisk, men det mangla søknader. Det vart ikkje produsert manuskript på samisk, bortsett frå ei og anna omsetting.

I retningslinene for Kulturrådet stod det om utgivingar på samisk: «Utgivelsen vil først og fremst dreie seg om oversettelse til samisk av litteratur skrevet på norsk, men det bør også kunne bli tale om oversettelse av utenlandsk litteratur.» Litteraturkomiteen vart beden om å prioritere kva for bøker som skulle omsettast, men valde ein annan veg. Atskillig tid og pengar gjekk til folkemøte og seminar der ein serverte smakebitar på det lille som var av samisk litteratur, og freista å få folk i gang med å skrive ned den rike munnlege tradisjonen. Dette bar frukter. I dei næraste åra kom det meir enn 20 bøker etter samiske originalmanuskript, i tillegg til omsetting av ei rad illustrerte barnebøker. På kort tid vart den samiske skjønnlitteraturen fleirdobla. Snart var det ikkje lenger mangelen på samiske manuskript som var problemet, men å få dei ut. Løysinga vart ein samisk litteraturkonsulent. Det har sidan vore jamn vekst i den samiske originallitteraturen, utgitt på samiske forlag.

Utalet for samisk musikk vart skipa i 1975 og måtte brøyte ny mark før det kom konkrete resultat. Eit viktig spørsmål var opphavsretten til samiske andsverk, t.d. joiken. Nettopp den populariteten joiken har fått i dei seinare åra inneber ein fare for at han fjernar seg frå sine opphavlege verdier. Han kan tilpassast moderne rytmeinstrument og givast ut som samisk folke-musikk med berre ein liten rest av dei samiske grunnelementa i behold. Utalet stod her framfor vanskelege avveiningar. Det ville ikkje vore riktig å sette seg imot nye joike- og sangformer blant samane, men utvalet såg det som si oppgåve å fremme ei medviten haldning til det å gjere om på samiske musikktradisjonar etter framand mønster.

Fagleg utval for samisk kultur

Dei tre fagutvala må seiast å ha hatt autonom samisk styring av midlane Kulturrådet sette av til samisk kultur. Frå 1978 fungerte utvala som eit samla Samisk kulturutval for saker av felles interesse. Frå 1981 fekk utvala ei meir rasjonell oppbygging, med til saman ni medlemmer, av dei seks oppnemnde etter framlegg frå Norske Samers Riksforbund, Norske Reindriftssamers Landsforbund og Samenes Landsforbund, og tre oppnemnde på fagleg grunnlag av Kulturrådet. Fagleg utval for samisk kultur som det vart kalla, arbeidde dels i plenum som eit «fellesutval» og dels i form av underutval for høvesvis litteratur, biletkunst/duoddji og musikk.

I 1980-åra kom dei samiske kunstnarorganisasjonane til: Samisk billedkunstnerforbund frå 1979, Samisk forfatterforbund same året, Samiske teaterarbeidere frå 1982 og Samisk musikerforbund frå 1984, alle organiserte på nordisk basis. Frå 1989 fekk dei samiske kunstnarorganisasjonane foreslå tre av medlemmene i Fagleg utval for samisk kultur.

Samla er det nytta om lag 50 millionar til samiske formål fram til utgangen av 1992. Prosenten har vore aukande etter kvart som talet på kvalifiserte søkjarar frå dei samiske miljøa steig. 1972 var første året med ein eigen post til samiske formål. Posten var på 300 000 kroner, eller 1,27% av rådets budsjett. I 1992 var denne posten på 4 750 000 kroner, eller 3,56% av budsjettet.

Fagleg utval for samisk kultur har sett det som eit mål at løyvingane til samiske kulturformål kom opp i 5% av rådets årlege midlar. Ein del kostnadskrevjande søknader, særleg for samiske kulturbygg, større museumstiltak, utsmykking av bygg, og større barne-kulturtiltak er kanaliserte til andre av Kulturrådets avset-tingar. Tar ein med slike løyvingar og utgiftene til admin-istrasjon, utvalsreiser og møte, kjem ein nokså nær 5% for dei siste åra.



Samar i Persas reinsby, 1911

Samisk litteratur har vore det sterkaste satsingsom-rådet. Etter retningslinjer vedtatt i 1988 har forlaga kunna rekne med tilnærma full finansiering frå Kultur-fondet for original samisk skjønnlitteratur. Frå 1988 til 1993 er det gitt stønad til 82 samiske, skjønnlitterære bøker, og i tillegg kjem omsettingar. Dette inneber truleg ei ny fordobling av den samla skjønnlitterære produksjonen på samisk.

Kvalitativ vekst i samisk litteratur er avhengig av konsulentarbeid og litteraturkritikk. Fagleg utval for litteratur har halde kurs i manusbearbeiding og konsulentarbeid for nordsamisk litteratur, og liknande kurs var planlagt for lulesamisk og sørsamisk, men fekk ikkje nok oppslutting. Det er vidare gitt stønad til kritisk- og konsulentseminar arrangert av andre instansar.

Avsettingane til samisk biletkunst og kunsthandverk er i hovudsak nytta til bokillustrasjonar, kunstnarleg utsmykking av bygg, utstillingar, dokumentasjonsarkiv for samisk biletkunst og til større arrangement som World Conference of Indigenous People (WCIP) i Tromsø 1990 og utstillingsprosjektet «Arts from the Arctic» som opnar i urbefolkningsåret 1993. Innkjøpskonsulentar oppnemnde etter framlegg frå Samisk kunstnerforbund har gjort ei rad innkjøp for eit framtidig samisk kunstmuseum. Vinteren 1993 blir desse verka utstilt samla for første gongen, i De Samiske Samlinger i Karasjok.



Det første sametinget, 1989

Underutvalet for samisk musikk har vore i ein einestående situasjon då det ikkje finst andre instansar med ansvar for samiske musikkformer. Det er drive utstrakt kontaktverksemd for å finne «eigarar» til dei idear og tiltak ein meinte måtte til for å verne og utvikle musikktradisjonane, og det er lagt mykje arbeid i utgreiingar.

6 Aktiviteten er aukande og spreier seg til nye regionar. Også i sørsamiske område kjem det nytt liv i samiske musikktradisjonar. Forsøksprosjektet «Sami Grand Prix» i Kautokeino er støtta gjennom dei tre siste åra. Karasjok har tilsett eigen musikkonsulent, og fleire tiltak er støtta.

For øvrig er økonomisk og fagleg stønad gitt til fonogramproduksjon, kulturarrangement med konsertar, innsamling av musikktradisjonar, nye komposisjonar og utgreiingar. Stønad er også gitt til kurs, fagseminar og joiketevlingar. Auka aktivitet og stigande kvalitet vitnar om ei gradvis profesjonalisering av samisk musikkliv.

Posten «Andre tiltak samisk kultur» femnar om ei rad satsingsområde og eksperimentelle, tverrfaglege prosjekt. Frå denne posten går det stønad til kulturvern-

formål av ymse slag, verdfulle bokverk for samisk kultur, kulturarrangement med fleirfagleg program, teater, film, tiltak for samiske barn, forprosjekt og utgreiingar. Mangfaldet i den samiske kulturreisinga kjem særleg godt fram på denne posten.

Ein ny situasjon i 1990-åra

Norsk kulturråds tilhøve til samisk kultur kan med visse forenklingar delast i fasar:

- 1965–69 Ventefasen, då midlar vart utlyst, og rådet venta på søknader.
- 1970–74 Den oppsøkjande fasen, då samiske utval vart skipa og tok initiativ til seminar, prosjekt osv.
- 1975–83 Oppbyggingsfasen, då avsettingane vart styrka, administrasjonen forsterka og det statlege engasjementet betre koordinert.
- 1984–86 Forventningsfasen, etter at aktiviteten på alle plan hadde auka sterkt.
- 1987–92 Innsatsfasen, då løyvingane vart fordobla og innsatsen spreidd til nye geografiske område.

Det er grunn til optimisme på vegne av samisk kultur. Men den offentlege kulturpolitikken kan berre gi dei forvaltningsmessige rammene. Heilt avgjerande for ein meningsfylt kulturpolitikk er korleis folkegruppa ser på sin eigen situasjon og sine framtidige moglegheiter som berar av eige kulturfellesskap. Nettopp her har det i løpet av dei siste 25 åra komme eit mentalt klimaskifte.

Stadig fleire samar vurderer ei framtid som samar i eit anna lys enn før. Dei er meir interesserte i å snakke om seg sjølv og framtida. Samstundes tar kulturytringane nye former, i pakt med moderne livsstil. Samisk kultur får såleis eit noe anna innhald enn det ein tradisjonelt har lagt i det.

Haldningsendringa har mange årsaker. Ei av dei er endringa i den offentlege kulturpolitikken, som har gitt samisk identitet større prestisje. Løyvingane til samiske kulturformål har vore med og gitt det samiske legitimitet, også i storsamfunnet. Og samisk aktivitet i Kulturrådets regi har gitt samekulturen høgre status, ikkje minst i samene sine eigne augo. Tiltaka har sjeldan vore kontroversielle, men snarare sveisa folk saman til til auka innsats. I ei brytningstid har Norsk kulturråd vore med på å svinge pendelen frå kulturopessimisme til kulturoptimisme. Når Samisk kulturråd no tar over, er grunnen rydda for ein ny epoke i samisk kulturhistorie, i Sametingets regi.

Av Bjørn Aarseth

Ei hovudoppgåve for Norsk kulturråd er å vere eit rådgivande organ for Kulturdepartementet i kulturspørsmål. Rådet får difor ei rekkje saker til fråsegn i løpet av eit år. Også andre instansar kan be om å få Kulturrådet si meining om særskilde saker, og rådet kan gi fråsegner på eige initiativ.

I 1992 har Norsk kulturråd uttala seg om desse sakene:

- «Omgivelser som kultur – handlingsplan for estetisk kvalitet i offentlig miljø»
- Skattereforma og norsk litteratur
- Utgreiing om profesjonelt kor i Noreg
- «Fotografi – fortid og framtid – plan for vern av fotografi»
- Utgreiinga «Norsk Fotografisk Museum»
- NOU 1991:31 Oslo middelaldermuseum. Senter for opplevelse, aktivitet og kunnskap
- Handlingsplan for kulturminneforvaltninga
- Kulturrådets prøveprosjekt «Levende bilder, barn og unge»
- Samisk kulturråd
- NOU 1992:21 Ikke bare ord – statlig informasjon mot år 2000
- NOU 1992:17 Rammeplan for barnehagen
- «Da klokka klang. Innstilling om skolestart for 6-åringar»
- Rammeplanar for allmennlærerutdanning, generell del
- Studieplanar for faglærerutdanning i musikk og for faglærerutdanning i forming og formingsfag

Omgivelser som kultur

Kulturdepartementets handlingsplan «Omgivelser som kultur» sett søkjelyset på eit lenge forsømt felt. Sjølv har Kulturrådet valt dette feltet som satsingsområde frå 1991.

I fråsegna sa Kulturrådet seg glad for at det nå ligg føre ein handlingsplan for estetisk kvalitet i offentlig miljø, rådet var var samd i at det trengst interdepartementalt samarbeid på høgt nivå politisk og fagleg for å nå dei forventade resultatane. Rådet peikte vidare på at kunstnarorganisasjonane og Utsmykkingsfondet for offentlege bygg óg må trekkjast med i samarbeidet. Rådet gjekk ut frå at Kulturdepartementet gjennom det interdepartementale arbeidet vil få utvikla ein strategi for å gi handlingsplanen gjennomslag på dei ulike forvaltningsnivåa, ikkje minst på kommunalt nivå.

Skattereforma og norsk litteratur

Kulturrådet har lenge ottast for verknadene den nye skattereforma kan få for norsk litteratur. I ei fråsegn hausten 1992 sa rådet det slik:

«De reglene for skattlegging av varelagrene hos forleggere og bokhandlere som skattemyndighetene nå prøver å presse gjennom, vil føre til ubøtelig skade for bokkulturen i Norge. Disse reglene vil tvinge forlag og bokhandlere til å tilintetgjøre en mengde bøker to år etter utgivelsen, bøker som i stor utstrekning er utgitt med støtte av offentlige midler – gjennom innkjøpsordningene eller på annet vis – under den klare forutsetning at de skal være å få kjøpt til opplaget er utsolgt.

Det vil være absurd at den samme stat som direkte eller indirekte subsidierer utgivelsen av nye bøker, såvel som av eldre bøker i nye utgaver, vil presse forleggere og bokhandlere til å tilintetgjøre dem etter kort tid gjennom en beskatning som ikke tar hensyn til «varenes» helt spesielle egenart og verdi. Dette vil igjen medføre at Norsk kulturråd kan bli tvunget til å revurdere hele sin støtte til norsk litteratur.

Norsk kulturråd, som i stor utstrekning formidler den statlige litteraturstøtten, vil derfor på det sterkeste advare mot følgene av den foreslåtte skatteordning og henstille til partene å finne fram til løsninger som gjør det økonomisk mulig for forlag og bokhandlere å holde bøkene på lager så lenge som de er forpliktet til det – faktisk i og med den støtte de har fått, faglig og moralsk ut fra det kulturelle ansvar som hviler på dem. Det er et ansvar som veier særlig tungt i et lite land som vårt og under det sterke press fra andre medier som bøker og lesning i vår tid er utsatt for.»

Profesjonelt kor

Eit utval nedsett av Norsk kulturråd kom sommaren 1992 med framlegg om eit profesjonelt kor i Noreg, i tillegg til Den norske operas kor. Etter høyringsrunden konkluderte rådet at det er sterkt ønskjeleg at det som ei prøveordning vert skipa eit slikt kor.

Koret bør vere frittståande og heilfinansiert av staten, med turnéverksemda som ein viktig del av aktiviteten. Medlemmene bør vere tilsette på heiltid. Målet bør vere at koret skal ha minst 32 stemmer, men i første omgang kan ein ha 16 stemmer. Sjølv med 16 stemmer, og sjølv om koret mellombels er knytt til ei eksisterande musikkorganisasjon, vil det venteleg vere vanskeleg for Kulturrådet å ta på seg driftsutgiftene aleine. Rådet vil difor undersøkje ei mogleg delfinansiering frå andre kjelder. Når finansieringa eventuelt er løyst, vil rådet sjå på lokaliseringa og andre praktiske og organisatoriske spørsmål.

Vern av fotografi

Ei arbeidsgruppe nedsett av Kulturrådet la hausten 1992 fram utgreiinga «Fotografi, fortid og framtid», med plan for vern av fotografi. Eit hovudmål var å definere eit nasjonalt ansvar for fotobevaring og trekkje opp liner for koordineringa mellom nasjonal, regional og lokal innsats. Vidare tar planen opp sikring, innsamling, oppbevaring og tilgjengeleggjering av fotografisk materiale. Planen skal oversendast aktuelle departement og kommunale instansar.

Norsk kulturråd såg planen som eit godt grunnlag for å få arbeidet med dette viktige kulturhistoriske materialet inn i meir systematiske former. Ansvarsdelinga som er foreslått mellom dei ymse forvaltningsnivåa, og mellom ymse organisasjonar, synest klar og velgrunna. Men dei regionale ansvarsinstitusjonane bør evaluerast, og det må avklarast kva rolle Sekretariatet for fotoregistrering skal spele.

Planen legg opp til utvida stillings- og ressursbehov. På nasjonalt nivå blir det foreslått konservatorstillinger ved sentrale institusjonar og ei stilling som rådgjevar i bevarings- og fototekniske spørsmål. Norsk kulturråd ser det som viktig at staten stiller til disposisjon midlar til desse stillingane.

På regionalt nivå er det framlegg om konserveringsatelier for fotokonservering, med faste stillingar i alle fylke. Vidare bør alle ansvarsinstitusjonar ha fotograf og fotoarkivar. Dette er ei ideell målsetting som kan vere vanskeleg å oppfylle i dagens situasjon. Samarbeidstiltak mellom fylka og innanfor fylket bør difor vurderast.

Norsk Fotografisk Museum

Forbundet Frie Fotografer la sommaren 1992 fram ei utgreiing om korleis fotografi som kunstnarleg uttrykk bør innpassast i museumsstrukturen i Noreg.

Kulturrådet sa seg samd i at det er behov for eit Norsk Fotografisk Museum og at det bør vere eit statleg ansvar å skipe det, som ein sjølvstendig institusjon. Dersom det viser seg vanskeleg å etablere museet som ein sjølvstendig institusjon, går Kulturrådet inn for eit museum knytt til ein eksisterande institusjon som alt har eit fagmiljø og samlingar.

Vidare var Kulturrådet samd i at hovudoppgåva for eit slikt museum bør vere samling, bevaring, forskning og formidling av historisk fotografi og samtidsfotografi av høg kunstnarleg og fagleg kvalitet. Det bør byggjast opp ei kvalitativ og representativ samling, primært av norsk, men også av utanlandsk fotografi, og det bør vere tilstrekkeleg kunstnarrepresentasjon i styrande organ og innkjøpskomitear, også for innkjøp av historisk fotografisk materiale.

Oslo Middelaldermuseum

NOU 1991:31 Norsk Middelaldermuseum f ruinområdet i Gamlebyen i Oslo blir eit muse for oppleving, aktivitet og kunnskap. Området fall frigjerast frå trafikkmaskinar og jernbanea

Kulturrådet var positivt til planane om å i presentasjon av permanente samlingar med vingssenter med ulike aktivitetar, men åtva gjere det heile for showprega. Vidare rådde t til at heile ruinområdet blir gjort til parkom den antikvarisk og industrihistorisk interessan ivverkstaden bevart og nytta som museumsby seringa av eit mellomaldermuseum i Gamle vere både ei nasjonal, fylkeskommunal og oppgåve, og bør gjennomførast i nært sama reiselivsnæringa.

Handlingsplan for kulturminneforval

Miljøverndepartementet sende våren 1992 ut lingsplan for kulturminneforvaltninga på høyri

I fråsegna si gjekk Kulturrådet inn for minnevernet framleis skal vere desentralisert kommunane. Rådet såg det som særers positiv minnevern som del av miljøvernet skal sektorovergripande ansvar, slik at dei ulike sektorane skal utarbeide planar for korte minneomsyn skal ivareta kast innanfor deira vi

Rådet fann mange interessante framlegg t.d. om betre kår for vern av farty, om freding etterreformatoriske kyrkjer, og om eit Norsk Kulturminneforskning. Rådet var også glad fo vet hadde fått brei omtale. Elles såg rådet ve som særers viktig for å få heilskap i kulturminne for å få ei meir tidsmessig fredingsliste. M arbeidet knyttast sterkare opp mot fylkes kommunepplanar enn handlingsplanen foreslår

Levende bilder, barn og unge

Kulturdepartementet hadde bede rådet om ei av rådets treårige prøveprosjekt «Levende bi og unge», med tanke på vidareføring av arbe

Rådet såg det som viktig at prosjektet k opp frå sentralt hald etter at rådets treårig periode var over sommaren 1992. Prosjekte vellukka. Det er skapt større aktivitet og m visning, distribusjon og produksjon av film i prosjektkommunane, og nye samarbeidsform etatar og andre instansar i kommunane vek Røynslene er spreidd i rapportar og brosjyr fått ringverknader andre stader.

Samisk kulturråd

1990 tilrådde Kulturrådet eit eige samisk kulturråd under Sametinget. Då Sametinget våren 1992 vurderte å opprette eit samisk kultur- og næringsråd med felles ond, gjekk Samisk kunstmerråd ut mot ei slik ordning.

Norsk kulturråd sa seg samd i bekymringa til Samisk kunstmerråd og minte om si tilråding frå 1990 om eit eige samisk kulturfond og kulturråd for å sikre gode nok stønadsordningar til samisk kultur etter at oppgåvene er overførte frå Norsk kulturråd til Same-tinget.

Ikke bare ord

høyringsfråsegna til «NOU 1992:21 Ikke bare ord – Statlig informasjon mot år 2000» sa Kulturrådet seg samd i framlegg om å lovfeste den statlege informasjonsplikta og om at informasjonsoppgåvene bør prioriterast sterkare og desentraliserast i større grad. Men då nå dei etatane som får meir informasjons- ansvar, og å meir ressursar til dette. Særleg gjeld dette på kultur-området, som har eit stort udekkja behov for informasjon.

Kultur, barnehage og skole

Kulturrådet har i dei seinare åra engasjert seg i å få styrkt kulturdimensjonen i skolen generelt og dei estetiske faga meir spesifikt. Fleire prosjekt er gjennomført, oftast i samarbeid med Grunnskolerådet. I 1992 fekk Kulturrådet ei rad planutkast til høyring, frå barnehage- til lærarutdanningsnivå.

NOU 1992:17 Rammeplan for barnehagen frå Barne- og familiedepartementet fekk i all hovudsak ilslutning frå Kulturrådet. Rådet rådde til at barnehagens rolle som kunstformidlar måtte styrkast. Estetiske verdier er ein viktig del av kulturarven og må integrerast i den daglege verksemda i barnehagen, både ved eigenaktivitet, ved kunstopplevingar knytte til besøk på museum, utstillingar o.l. og ved å trekkje lokale kunstnarar inn i barnehagen som ressurspersonar.

Da klokka klang. Innstilling om skolestart for 6-åringar frå Kyrkje-, undervisnings- og forskningsdepartementet foreslår ein 13-årig allmennskole, med skolestart for 6-åringar og 10 års obligatorisk grunnskole. Kulturrådet tykte at innstillinga tok omsyn til dei spesielle behov og forutsetningar som 6-åringane har og sa mykje bra om barns eigenkultur. Rådet føresette at den endelege utforminga av skoletilbudet til dei yngste ville gå meir konkret inn på korleis førskolepedagogikken best kan ivaretakast.

Rammeplanar for allmennlærarutdanning, generell del frå Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet valde rådet å sjå på frå ein kulturpolitisk, og ikkje ein pedagogisk synsvinkel. Allment såg rådet planutkastet

som eit kvalitetsarbeid både i form og innhald, med ei brei kulturforståing i botnen. Men skoleverket sine skyldnader i høve til samisk kultur burde komme betre fram i planen. Vidare sakna rådet meir om skolen som formidlar ikkje berre av vaksenkulturen, men òg av barns eigen kultur og korleis den ytrar seg. Og kapitlet om ungdomskultur kan godt nyanserast noe meir slik at det òg blir plass til kreativiteten og andre positive verdier.

Studieplan for faglærarutdanning i musikk og studieplan for faglærarutdanning i forming og formingsfag kom også til høyring frå Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet. I musikkplanen sakna rådet kreativitet som stikkord for kva framtidssamfunnet vil krevje, planen tar for einsegnig vare på kunnskapssida. Samstundes bør fagstudiet innehalde fleire musikkfaglege komponentar i høve til det musikkpedagogiske og anna stoff. Rådet etterlyste også ei innsikting mot andre arenaer i tillegg til grunnskolen, t.d. dei sidene ved «fritidssamfunnet» som no ser ut til å komme.

Formingsplanen la etter rådets meining for stor vekt på opplæring med tanke på handverkstradisjonar, i høve til den kunstfaglege sida av faga. Vidare er verdier som estetiske kvalitetar i offentleg miljø for lite vektlagt, og utfordringar som dei nye kunstscolane for barn og unge vil føre med seg, er ikkje tatt med. Heller ikkje kjem planen inn på tilhøvet til kunstlivets institusjonar, som kunstmuseum, kunstforeiningar m.m., korkje i høve til grunnskolen eller formingslærarutdanninga. Og rådet sakna noe om tilhøvet mellom formingslærarhøgskolane og kunstnar- og kunsthistorikarutdanninga.

Norsk kulturråd har dei siste åra sett i gang desse utgreiingane som er avslutta i 1992:

- Utgreiing om profesjonelt kor i Noreg
- «Fotografi – fortid og framtid. Plan for vern av fotografi»
- «Galleriundersøkelsen 1991»

Dei to første utgreiingane er omtala i kapitlet «Fråsegner».

Galleriundersøkelsen 1991

Våren 1991 sette Kulturrådet i gang den første undersøkinga av gallerisituasjonen i Noreg, i samarbeid med Museet for samtidskunst. Arbeidet var ein lekk i eit toårig prosjekt for å styrke kunstformidlinga i distrikta, og 280 utstillingsstader for kunst utanom dei fire største byane var med. Rapporten låg føre i desember 1992 og kan nyttast som eit grunnlagsdokument i planarbeid på ulike nivå. Han vart på nyåret send ut til alle galleria, pluss departement, fylkeskommunar, kommunar og aktuelle kunstformidlingsinstansar.

Nordisk teikneseriesamarbeid

20.–23. mars 1992 var det nordisk seminar om teikneseriar i Oslo. Siktemålet var å sjå nærare på stoda for teikneserieane i dei nordiske landa og diskutere aktuelle samarbeidsformer. Arrangørar var Norsk kulturråd og Aksjonsgruppen for nordisk tegneseriesamarbeid.

Musikk- og kunstkolar

Verksemda til musikk- og kunstkolar i høve til kunstfaga i dagens skole var tema for ein stor nordisk musikk- og kunstkolekonferanse 23.–24. mars 1992 i Stjørdal. Arrangør var Kommunesentralforbundet, i samarbeid med Norsk kulturråd, Grunnskolerådet, Svenska Kommunförbundet og Kommunernes Landsfor-ening.

Omgivelser som kultur

Norsk kulturråd og Kulturdepartementet har baa satsa på å få auka merksemd om verdien av estetiske kvaliteter i offentleg miljø. 29. april 1992 inviterte dei til lanseringskonferansen «Omgivelser som kultur», i Oslo. Med utgangspunkt i utspel departementet førebudde i samband med Kulturmeldinga, og med sideblikk til Kulturrådets satsingsområde «Det visuelle miljø» ønskte ein å starte debatten om korleis få til ei haldningsendring i det daglege arbeidet rundt om i kommunar, fylkeskommunar, kunstnar- og miljøorganisasjonar.

Kunstkolar for barn og unge

Sluttkonferansen for det treårige prøveprosjektet «Kunstkolar for barn og unge» var lagt til Ålesund i dagane

28.–30. april 1992. Prosjektet femna om 16 kommunar, i samarbeid med Norsk kulturråd og Grunnskolerådet. Prosjektrapporten vil vere klar på nyåret 1993.

Kunst, skole og vandreutstillingar

Kva ønskjer skoleverket av samarbeid med kunstlivet, og omvendt? Korleis kan den skoleretta kunstformidlinga gjerast betre? Museet for samtidskunst og Norsk kulturråd samla eit førtital ressurspersonar for å drøfte desse og andre tema 11.–13. mai 1992 på Hamar. Bakgrunnen var ikkje minst kva planar Kulturdepartementet gjekk med på dette området i samband med Kulturmeldinga.

Reiselivsdagar i Harstad

Reiselivsdagane i Harstad, ein av dei tre årlege hovudkonferansane for reiselivet i Noreg, var i 1992 lagt til 3.–4. september. Det var første gongen kultur og dei tradisjonelle kystnæringane var tema, og Kulturrådet gjekk difor inn som medarrangør for konferansen.

Eg fann, eg fann!

Som avslutting på sitt treårige prøveprosjekt «Prøv selv» kalla Kulturrådet saman til seminaret «Jeg fant, jeg fant!» 31. august til 1. september 1992 i Trondheim. Tema var korleis barn sjølve kan vere med og betre dei lokale oppvekstmiljøet. Medarrangørar var Norsk senter for barneforskning, Barne- og familiedepartementet, Kulturdepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet og Miljøverndepartementet.

Ungdomskultur på dagsorden

Landskonferansen «Ungdom og kultur – de unges eget ansvar» samla vel 300 deltakarar 21.–23. september 1992 i Fredrikstad. Bak konferansen stod Norsk kulturråd, Østfold fylkeskommune, Barne- og familiedepartementet og Kulturdepartementet, saman med NAVFs Program for ungdomsforskning, LNU og Kommunenes sentralforbund.

Framandspråklege forfattarar

Morsmållærarar i grunnskolen og framandspråklege forfattarar møttest til eindagsseminar i Oslo i november 1992. Det var Norsk kulturråd som inviterte, saman med Norsk forfattersentrum og Nasjonalt læremiddelsenter. «Treng du utfordringar som forfattar?» og «Saknar du gode skjønnlitterære bøker på eige språk i undervisninga di?» var stikkord, og siktemålet var å formidle kontakt mellom forfattarar, lærarar, forlagsredaktørar o.a., for å stimulere til bokprosjekt for barn og unge på barnas eige morsmål.

Norsk kulturråds prisar 1992

Æresprisen

Norsk kulturråds ærespris for 1992 gjekk til den samiske biletkunstnaren Iver Jåks. Prisen var på 100 000 kroner og vart delt ut under ei tilstelning i Oslo Konserthus 7. desember 1992.

Iver Jåks fekk prisen for sin mangeårige innsats for norsk og samisk kunst- og kulturliv. Mest kjend er han kanskje som grafikar og bilethoggar, noe utsmykkingane hans i til dømes De samiske samlinger i Karasjok, Tana miljøbygg og Karasjok rådhus vitnar om. Som kunstnar har han evna å sameine tradisjon og nyskaping og å formidle si tolking av det samiske til nye generasjonar av samiske kunstnarar.

Omsettarprisen

Norsk kulturråds omsettarpris for 1992 gjekk til Jan Erik Vold. Prisen var på 50 000 kroner og vart delt ut under ei tilstelning i Militærhospitalet i Oslo, i samband med rådsmøtet 28. oktober 1992.

Vold fekk prisen for sitt særprega og kunstnarleg verdfulle arbeid som omsettar og gjendiktar. I grunngevinga for tildelinga heiter det vidare:

Som omsettar tar Vold seg iblant fridomar som normalt er bannlyste i faget – han fornorskar lokalitetar og fenomen, han lar bevisst amerikanismar skine gjennom, han gjer språklege sprell i originalforfattarens ånd. Ikkje minst er hans norske Dylan-versjonar prega av denne metoden. Jan Erik Vold er truleg aleine blant norske omsettarar om å kunne gjennomføre slike grep med smak, poetisk virtuositet og autoritet.

Pris for kulturjournalistikk

Journalist IdaLou Larsen i Nationen var den første som mottok Kulturrådets nyskipa pris for kulturjournalistikk. Prisen var på 25 000 kroner og vart utdelt under ei tilstelning i Militærhospitalet i Oslo i samband med rådsmøtet 1. juni 1992. Prisen er meint som ei markering av ein innsats av vesentleg verd for kunnskap om og oppleving av norsk kunst- og kulturliv. Juryen hadde mellom anna dette å seie:

«Med kritiske spørsmål og sikker penn overvåker hun kulturpolitikk, amatørkultur og kunst. Med sin utrolige allsidighet i stoffvalg og innfallsvinkler har hun bidratt til å forsterke kulturprofilen i en landsdekkende avis. Hun presenterer stoffet slik at det får allmenn interesse, og retter kritisk søkelys på det som foregår sentralt såvel som lokalt.»

Iver Jåks




Jan Erik Vold



IdaLou Larsen





Disponeringa av Kulturfondet

Hovudfordeling

For 1992 løyvde Stortinget 130,438 mill kr til Norsk kulturfond. Dette var ein auke på vel 2 mill kr frå året før. Ved kongeleg resolusjon 14.2.92 vart midlane fordelte slik på dei ulike arbeidsområda (i 1000 kr):

	1992	1991
Litteratur (inkl. innkjøpsordn.)	57 700	(51 650)
Tidsskrift	2 150	(2)
Musikk	7 800	(7 300)
Biletkunst og kunsthåndverk	8 600	(11 400)
Kulturvern	11 900	(11 000)
Samisk kultur	4 650	(3 700)
Barne- og ungdomskultur	6 700	(5 700)
Kulturbygg.	8 500	(8 500)
Frie sceniske grupper	0	(12 500)
Utval, utgreiingar og publikasj.	2 150	(2 000)
Andre formål	15 888	(12 500)
Administrasjon	4 400	(4 100)
Til saman	130 438	(132 500)

Av Kulturfondet gjekk vel 60 mill kr til ulike innkjøpsordningar for litteratur og biletkunst og til utval og administrasjon. I tillegg var det gitt tilsegn om stønad til ei rad formål. Til saman var vel 4 mill kr av fondet bundne då året tok til, og det var såleis ikkje meir enn vel 66 mill kr att til fordeling på grunnlag av nye søknader.

Oversyn over søknadsmengda i 1992:

Saksområde	Tal på søknader	Tal på søkn utan sum	Samla søknadssum
Litteratur	187	(62)	11 318 416
Tidsskrift	70	(16)	3 873 345
Musikk (inkl. opera)	336	(97)	27 043 308
Biletkunst og kunsthåndverk	213	(22)	21 357 744
Kulturvern	282	(25)	93 556 921
Samisk kultur	132	(9)	11 068 186
Barne- og ungdomskultur	85	(12)	11 226 489
Kulturbygg	37	(2)	68 116
Andre formål	236	(33)	64 779 525
Sum 1992	1 578	(279)	312 340 434
(Sum 1991)	(1 870)	(241)	(354 191 909)

Generelt

Oversikta syner eit litt lågare søknadstal for 1992 enn for 1991, og det same gjeld samla søknadssum. Dette skriv seg frå at stønadsordninga for frie sceniske grupper vart ført attende til Kulturdepartementet frå 1992, at utsmykkingsordninga vart overført til Utsmykkingsfondet for offentlege bygg og at debutant- og utstyrsordningane blir administrert av kunstnarorganisa-

sjonane, som ei prøveordning. Samstundes har søknadssummen på kulturvern gjort eit hopp oppover, og satsinga på det visuelle miljøet og kultur og reiseliv har ført til mange søknader.

Satsingsområde

I 1991 la Kulturrådet om arbeidsforma i retning av eit kulturlivets forsøks- og utviklingsråd, med særskilde satsingsområde i tillegg til dei faste arbeidsområda. Kultur og reiseliv og det visuelle miljøet vart blinka ut for satsing frå 1992, saman med det faste arbeidsområdet barne- og ungdomskultur. Saker med ei slik vinkling skulle prioriterast på alle områda, og det vart difor løyvt midlar også frå andre postar enn dei primære, som var Andre formål-posten og Barne- og ungdomskulturposten.

Til *kultur og reiseliv* gjekk det i 1992 kr 3 036 000 frå Kulturrådet. Kr 371 000 av dette kom frå andre postar enn Andre formål-posten.

Til *det visuelle miljøet* gjekk det i 1992 kr 2 832 000 frå Kulturrådet. Kr 625 000 av dette kom frå andre postar enn Andre formål-posten.

Til *barne- og ungdomskultur* gjekk det i 1992 kr 13 090 000 frå Kulturrådet. Kr 6 358 000 av dette kom frå andre postar enn Barne- og ungdomskulturposten.

Litteratur – året i tal

Avsetning 1992: kr 57 700 000

(1991: kr 51 650 000).

Talet på søknader: 187, av dei 62 utan søknadssum
(1991: 153/37).

Samla søknadssum: kr 11 318 416

(1991: kr 10 440 790).

Midlane til litteratur vart budsjettert slik:

	kroner
Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne	29 500 000
Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for barn og ungdom	20 500 000
Innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur	3 500 000
Nye norske teikneseriar	300 000
Kunstnarleg illustrerte barnebøker	600 000
Barneblad	330 000
Andre tiltak for barnelitteratur	370 000
Klassikarstønad	190 000
Ny norsk dramatikk	800 000
Omsettarprisen	50 000
Nynorsk litteratur	850 000
Andre litteraturtiltak	710 000
Til saman	57 700 000

Avsetninga til dramatikk vart styrkt med kr 231 000 av posten «Andre formål».

Sjå elles liste bak i rapporten over alle løyvingar, og lister over innkjøpte bøker på dei tre innkjøpsordningane.

Generelt

Norsk kulturråd sette i 1992 av i alt kr 50 000 000 til å dekkje dei to innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur. Medan 1991 var eit særskild vanskeleg år for innkjøpsordningane økonomisk, gjekk budsjetta i hop i 1992. På vaksenordninga vart det utgitt færre bøker enn året før, medan det på barne- og ungdomsordninga vart noen fleire bøker enn tidlegare år. Dei andre stønadsordningane vart forvalta om lag som tidlegare år.

Vinteren 1992 sende Prisdirektoratet ut eit notat til høyring med ny vurdering av den såkalla bransjeavtalen. Eit av forslaga gjekk ut på å innføre frie prisar på skolebøker. Norsk kulturråd tok oppatt fråsegna si frå 1986 om mellom anna dette spørsmålet i eit brev til Prisdirektoratet. Rådet sa den gong at sal av skolebøker direkte frå forlaga vil ta bort eksistensgrunnlaget for mange bokhandlar. Dermed vil marknaden for mykje av skjønnlitteraturen også bli truga, og særleg vil nynorsk litteratur kunne bli skadelidande. Dette synet

heldt rådet fast ved. I desember 1992 fatta direktoratet vedtak i saka, og dei to hovudpartane, Den norske Bokhandlerforening og Den norske Forleggerforening har gitt melding om at dei vil klage på vedtaket.

Ei anna stor sak i 1992 galdt dei venta verknaden av den nye skattereforma for forlag og bokhandla. Nye reglar for lagerhald ville kunne gi eit smalar tilbod av verdfull litteratur. Norsk kulturråds fråsegn saka er nemnd i kapitlet Fråsegner frå Norsk kulturråd. Stortinget vedtok i desember 1992 å be regjeringa foretå ei endring av dei nye avskrivingsreglane i skatteloven, slik at dei ikkje gir den utilsikta verknaden at bøker må øydeleggjast.

Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur

På bakgrunn av vanskaner med innkjøpsordningane i 1991 drøfta rådet på eit temamøte i mars 1992 dei ulike sidene ved ordningane. Resultatet vart at vaksenordninga skulle halde fram som før, men at Fagutvalet for litteratur og allmenne tidsskrift skulle vurdere barne- og ungdomsordninga nærare. Rådet vedtok å be BRODD (Bibliotekhøgskolens rådgivings- og oppdragsavdeling) evaluere den delen av ordninga som gjeld skolebiblioteka. Rådet sette elles sin lit til at ordninga med tilbod frå forleggjarane om faste arkprisar for bøkene ville gi betre kontroll med kostnadsutviklinga.

Kulturrådet bad vidare om høve til å uttale seg før Kulturdepartementet eventuelt vedtar å flytte forvaltninga av innkjøpsordningane, sjå elles kapitlet om Fråsegner frå Norsk kulturråd.

Mange bibliotek har dei siste åra gått over til elektronisk bokkatalogisering og ønskjer ikkje lenger å betale for å få bøker med innlimte kort og datotavler. Rådet gav BRODD i oppdrag å greie ut kor mange bibliotek dette gjeld, og kva løysing ein må finne. Konklusjonen var at det enno vil ta mange år før alle bibliotek har databasert katalogisering, og at inntil

vidare må ein finne ei løysing med differensiert tilbod til dei ulike biblioteka. Alle skolebibliotek vil framleis få bøker med fullt utstyr.

Innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur

Den treårige prøveordninga med innkjøp av omsett skjønnlitteratur for vaksne og for barn og ungdom vart avslutta i 1992. Denne innkjøpsordninga hadde ei fast budsjetttramme på kr 3 500 000 pr år, som skulle dekke innkjøp og distribusjon av om lag 50 titlar i 500 eksemplar. UTINOR («Den litterære institusjonen i Norge») gjennomførte i 1992 ei evaluering av ordninga slik føresetnaden var ved starten. Hovudkonklusjonen i evalueringa er at ordninga bør gjerast permanent og at det bør komme ei eiga ordning for omsett barne- og ungdomslitteratur.

Nye norske teikneseriar

Den treårige prøveordninga med prosjektstønad til albumutgaver går ut våren -93, og er under evaluering. Vurderingar så langt viser at behovet for stønad til seriar med mindre omfang enn album er stort, og ein vil derfor vurdere andre stønadsformer i tillegg – særleg på manuskriptsida. Rådet tok våren -92 initiativet til eit samnordisk seminar om situasjonen for nordiske teikneseriar. Seminaret var nyttig, og førte mellom anna til at serieskaparane laga si eiga foreining. Rekrutteringa til faget er god, medan marknaden det siste året generelt har vorte vanskelegare. Dette slår særleg ut for norskproduserte seriar, og sjølv kunstnarar som har fått tilsegn om stønad frå Kulturrådet, har vanskar med å finne utgivar. Det kan derfor bli aktuelt med særlege tiltak for å sikre at det blir produsert kvalitetsseriar her i landet, ikkje minst for dei yngre lesarane.

Kunstnarleg illustrerte barnebøker

Avsettinga har som tidlegare først og fremst gått til gjennomillustrerte, skjønnlitterære barnebøker. Søk-
nadmengda har auka, og midlane vart fordelte på
fleire prosjekt enn før. Dei siste åra har rådet valt å
ikkje gi stønad til delvis illustrerte bøker, men samle
innsatsen om dei reine biletbøkene. Men i 1992 kom
det ei rekkje delvis illustrerte lett-les-bøker, og ein del av
midlane gjekk til desse. Rådet har i det heile tatt priori-
tert ulike slag tilrettelagd litteratur, både for funksjons-
hemma og generelt lesesvake. Ein vil i 1993 få nærare
klargjort kor stor del av ansvaret for desse som ligg
under Norsk kulturråd, og kva Nasjonalt læremiddel-
senter skal ha ansvar for. Illustrerte fagbøker for barn
har også høyrte inn under denne avsettinga, men
produksjonsstønad har ikkje vore sikring nok til at
forlaga har tort satse. Dette vil rådet sjå nærare på i
1993.

Barneblad

I 1992 har Norsk Barneblad og Salto fått honorarstøn-
nad. Det siste er ei felles satsing frå fleire større, kristne
organisasjonar, og har berre eksistert i eit par år.
Norsk kulturråd venta seg elles mykje av storsatsinga
Reporter, eit ungdomsblad der ungdom sjølv skulle
skrive/forme innhaldet. Rådet tok initiativ til bladet, men
sette utgivinga bort til eigen redaksjon og utgivar. Utgi-
varen såg seg dessverre ikkje i stand til å halde prosjek-
tet i gang meir enn vel eit halvår, pga dårleg sal.
Redaksjonen la fram budsjett for vidare drift på eiga
hand, men behovet for offentlege midlar var så stort at
rådet i staden valde å la bladet gå inn. Men ein vil så
langt råd er bruke erfaringane frå dette prosjektet i
arbeidet med andre tiltak for aldersgruppa.

Andre tiltak for barne- og ungdomslitteratur

Etter oppmøding frå Kulturdepartementet har Statens
Bibliotektilsyn og Norsk kulturråd saman starta prosjek-
tet «Arbeidslaus ungdom og litteratur», der kommunar
med arbeidsløse over gjennomsnittet fekk tilbod om å
søkje om midlar til eigne prosjekt for arbeidslaus
ungdom under 25 år, med biblioteket som utgangs-
punkt innanfor elles svært vide rammer. Halden, Vestre
Toten, Kålfjord i Troms og Møre og Romsdal fylkeskom-
mune vart plukka ut, og prosjekta kom i gang seinhaus-
tes 1992. Modellane er ulike, både i innhald og tids-
ramme, og ein håper at andre kommunar skal få nytte
av erfaringane etter kvart.

Elles har prosjekt retta mot innvandrarbarn sett
preg på denne posten i år: barnebok på tre språk, bok
om barns rettar, seminar for morsmåls lærarar og
innvandrarforfattarar for å få fram litterære tekstar med
utgangspunkt i livssituasjonen til barn og unge mellom
to kulturar. Dette arbeidet vil rådet følgje opp i 1993.

Klassikarserie

Rådet har i mange år arbeidd med å få i stand utgi-
vingar av prioriterte klassikarar. I 1992 vart forarbeidet
med kva klassikarar rådet vil stø, retningslinjer og andre
praktiske sider avslutta, og ordninga kan komme i gang
frå 1993.

Ny norsk dramatikk

Kulturrådet stør ny norsk dramatikk i form av tilskott til
hospitantkontraktar, arbeidskontraktar eller prosjektkon-
traktar som gir dramatikarane høve til å arbeide med
eit stykke i frå to til seks månader. Rådet vedtok i 1992
at det skulle gjerast nærare greie for resultatane av denne
stønadsordninga. Hadde dei som hadde fått arbeids-
kontrakt eller prosjektkontrakt, fått stykka sine innkjøpte
av eit teater? Var skodespela oppførte eller hadde dei
komme i bokform? Kor lang tid tar det frå eit stykke er

ferdigskriva, til det blir uroppført? Rådet bad Norske
Dramatikeres Forbund om å stå for undersøkinga. Av
svara kan ein lese at halvparten av alle inngåtte
kontraktar alt har ført til eller vil føre til framsyningar.

Rådet la i 1992 om retningslinjene for dei tre
tilskottsformene og laga ei rettleiing for konsulentane.
Det blir no stilt strengare krav for å få prosjektkontrakt.
På den andre sida er det opna for at også dramatikarar
som alt har ein kontrakt med eit teater, det vere seg e
fri gruppe eller eit prosjektteater med profesjonelle
skodespelarar, kan søke. Tidlegare var denne ordninga
reservert dramatikarar som ønskte å eksperimentere
utan å binde seg til framtidige framsyningar.

Nynorsk litteratur

Rådet ønskte i 1992 å få greidd ut korleis denne
stønadsordninga kunne endrast for å få fleire forlag til
å utgi bøker på nynorsk. Det Norske Samlaget la haus-
ten 1992 fram ein brei situasjonsrapport som viser at
talet på nynorskutgivingar går stadig ned. Dette gjekk
særleg sakprosa og omsett litteratur for barn. 90% av
all nynorsk sakprosa og alle nynorske omsettingar fo-
barn kjem ut på Det Norske Samlaget. Av samla utgi-
ving av sakprosa i Norge er nå om lag 5% på nynorsk
mot 8% i 1976. For å oppretthalde nynorsk bokutgiving
er det først og fremst naudsynt med to tiltak: å auka
utgivingsstønad og styrke det kulturpolitiske ansvaret.

Andre litteraturtiltak

Denne avsetninga blir nytta til særtiltak som fell utanom
dei andre stønadsordningane på litteraturområdet.

I 1992 løyvde rådet pengar til fleire viktige semi-
nar, mellom anna for å styrke arbeidet med teikneseria
og litteraturkritikk. Den største løyvinga gjekk til ei
prosjekt som Institutt for journalistikk i Fredrikstad og
Norsk litteraturkritikerlag har gått saman om, å g
kulturjournalistar og kritikarar eit tilbod om å sjå littera-
turkritikken i eit kulturelt og formidlingspolitisk perspek-
tiv. Fleire tiltak til beste for framandspråklege forfattarar
har også fått tilskott, og det same har einskilde bok- og
tidsskriftutgivingar som rådet særleg har ønskt å stø.

Tidsskrift – året i tal

Avsetting 1992: 2,15 mill kr (1991: 2,15 mill kr).

Talet på søknader: 70, av dei 16 utan søknadssum (1991: 70/15).

Samla søknadssum: kr 3 873 345
(1991: kr 4 096 319).

Etter retningslinene gir rådet fire former for tidsskriftstønad: produksjonsstønad, innkjøpsstønad (innkjøp av 200 årsabonnement), oppstartingsstønad og særskild stønad. I 1992 vart kr 1 946 200 fordelt på 48 tidsskrift. Gjennomsnittsstønad pr tidsskrift var kr 40 542 (1991: kr 36 490).

Midlane vart nytta slik:

	1992	(1991)
Produksjonsstønad	990 000	665 000
Innkjøpsstønad	811 000	808 000
Oppstartingsstønad	85 000	70 000
Særskild stønad	60 000	100 000
Til saman	1 946 200	1 715 000

I tillegg reserverte rådet kr 50 000 til arbeid med ny tidsskriftkatalog i 1993. Sjå elles liste over tilskotta til dei einskilde tidsskrifta bak i rapporten.

Stønad til kulturtidsskrift

I 1988 vedtok rådet å finansiere eit treårig tidsskriftprosjekt som ville komme alle tidsskrifta til gode, og bad Norsk Tidsskriftforum stå for gjennomføringa. Prøveprosjektet var særskild vellukka, og rådet løyvde midlar til eit fjerde og siste prosjektår i 1991. Dette gjorde at rådet i 1992 hadde rom for ein moderat auke av stønad til dei einskilde tidsskrifta.

Musikk – året i tal

Avsetjing 1992: 7,8 mill kr (1991: 7,3 mill kr).

Talet på søknader: 336, av dei 97 utan søknadssum (1991: 236/24).

Samla søknadssum: kr 27 043 308 (1991: kr 20 159 743).

Vel halvparten av avsetjinga vart disponert til forsøksprosjekt, større einskildtiltak og til rådet sine plateutgivingar. Resten var til fordeling på søkjarar.

Musikkmidlane vart nytta slik:

Særskilde tiltak	kroner
Ultima – Samtidsmusikkfestival	500 000
Ensemblet BIT 20	250
Historiske utgivingar på CD	280 000

Avsetjingar

Utgiving av plater og notar, norsk musikk	1 500 000
---	-----------

Andre musikktiltak

Til disposisjon for søknader	6 310 875
Til saman	8 840 875

Avsetjinga vart styrkt med ei omdisponering av kr 528 500 frå tidlegare løyvingar som ikkje er nytta, og ei overføring på kr 500 000 frå posten Andre formål. Avsetjinga til plateinnspelinger resulterte i utgiving av verk av Halfdan Cleve, Fartein Valen og Edvard Grieg.

Disposisjonsposten på kr 6 310 875 vart nytta til følgjande formål:

	kroner
Tingingsverk	418 0
Profesjonelle musikarar/ensemble	641
Opera/musikkproduksjonar	345
Konsertar/festivalar	690
Plateutgivingar	1 583 15
Musikkproduksjonar for barn og unge	655
Andre musikktiltak	978 522
Til saman	6 310 875

Sjå elles liste over einskildløyvingar bak i rapporten.

Generelt

Midlane til musikkformål er i 1992 i hovudsak nytta etter same mønster som dei seinaste åra. Arbeidet med musikkaker kan delast i tre hovudområde: særskilde tiltak, avsetjingar til rådets egne fonogramutgivingar og behandling av søknader.

Tingingsverk

Heilt sidan Norsk kulturfond vart skipa, er ein stor del av musikkavsetjinga nytta til finansiering av tingingsverk, ei ordning som har samsvart godt med eit av måla for fondet, å stø nyskapande verksemd. Det har likevel vist seg at dei fleste tingingsverka berre er urframførte eller spela berre få gonger, og det er ønskjeleg å få til hyppigare bruk av komposisjonane. Rådet vil difor endre noe på løyvingsspraksisen ved

- å stø søknader på tingingsverk der det er sjansar for fleire framføringar,
- å stø ensemble og grupper som framfører samtidsmusikk, slik at ein sikrar gjenbruk av verka, og
- å stø samtidsmusikkfestivalen Ultima, i von om at dei verka som blir skapte, blir betre kjente.

Utgjeing om profesjonelt kor i Noreg

Ein komite vart sett ned for å greie ut modellar for eit profesjonelt kor i Noreg og dei problema som knyt seg til ei eventuell etablering. Innstillinga var ferdig i juli månad og vart send til høyring i musikkorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar og -råd. Det var stor semje om at tida er inne til å etablere eit profesjonelt kor i Noreg, då songen er det området innan musikkverksemda som har hatt minst framvokster trass i dei mange velutdanna songarane landet no har. Etter å ha behandla innstillinga og høyringsfråsegnene gjekk rådet inn for at det bør skipast eit frittstående, profesjonelt kor med songarar i heil stilling, og med full statleg finansiering. Av di kostnadene blir store, kunne ein starte med 16 songarar i staden for 32, men sjølv dette gir summar som Kulturfondet ikkje kan dekkje aleine. Praktiske spørsmål som til dømes lokalisering, organisasjonsform og kunstnarleg leing vil ein komme attende til dersom finansieringa lar seg ordne.

Betre musikktilbod til barn og unge

I samarbeid med Barneredaksjonen P1 i NRK og Rikskonsertene er det sett i gang tiltak for å betre fonogramproduksjonane for barn og unge. Tiltaket har fått namnet «Musikkdilla», og logoen syner ei spelande krokodille, utforma av biletkunstnaren Ingri Egeberg. Produksjonane skal spenne over mange musikkgenrar, som tradisjonssongar, songar frå 3. verda, soger, samtidsmusikk og mykje meir, og det er tanken at mange av utgivingane skal følgjast av pedagogisk stoff og sendast som program for barn i radio. Ein ønskjer å finne fram til ein mal for utgiving av barnefonogram med kvalitet som skapar merksemd og gjer at platebransjen vil satse meir for barn og unge.

For å få skapande kunstnarar til å gå saman om musikkteaterproduksjonar for den nyetablerte scena

Musikkteatret på Vestbanen, inviterte rådet til «Kulturblogging» sommaren 1992. Tilbodet til barn og unge er avgrensa til framsyningar av utanlandsk opphav om ikkje syner norsk samtidsmusikk eller -dramatikk.

Grieg-jubileet og historiske plateutgivingar

Il den nasjonale markeringa av 150-årsdagen for Edvard Griegs fødsel har rådet løyvt midlar til utgiving av ei samling historiske innspelningar av Griegs verk, som dokumenterer ein ubrotten utøvartradisjon frå Griegs eigne talningar og fram til våre dagar. Innan den offisielle åpninga av Grieg-året tidleg i 1993 vil sju kompaktplater med klaver- og romansetolkingar vere på marknaden. Opptaka er henta frå Arne Dørums-jaards samlingar. Platene går ikkje inn i Kulturrådets plateseriar, men rådet vil inneha alle rettår til utgivingane.

Norsk kulturråds plateseriar

I Klassikerserien kom det ut ein produksjon med klaververk av Halfdan Cleve innspela av Geir Henning Braaten. I NIM-serien kom den første av seks nyutgivingar av innspelningar som er tatt over frå Norsk Komponistforening. Desse er tidlegare utgitt på langspelplater, men var ikkje lenger tilgjengelege. Fartein Valens sentrale orkesterverk blir her framførte av Oslo Filharmoniske Orkester under leiding av Miltiades Caridis. I serien skal det vidare komme ut verk av Edvard Fliflet Bræin, Ludvig Irgens Jensen, Olav Kielland og David Monrad Johansen.

Frå musikkavsettinga sin disposisjonspost går det óg midlar til plateproduksjonar med samtidsmusikk frå Norsk Komponistforening og Norsk Jazzforbund.

Biletkunst og kunsthåndverk – året i tal

Avsetning 1992: 8,6 mill kr (1991: 11,4 mill kr).

Talet på søknader: 289, av dei 25 utan søknadssum (1991: 486/77).

Samla søknadssum: kr 21 357 744 (1991: kr 23 719 300).

Midlane til biletkunst og kunsthåndverk vart nytta slik:

Særskilde tiltak	kroner
Pilotgalleri for barn og unge, prøvedrift 1. året	750 000
FORMAT, Norske Kunsthåndverkeres galleriutsal, prøvedrift 2. året og tilsagn 3. året	1 000 000
Avsettingar	
Kjøp av norsk samtidskunst og kunsthåndverk	1 250 00
Debutant- og utstyrsstønad til biletkunstnarar og kunsthåndverkarar	2 175 000
Andre tiltak biletkunst og kunsthåndv.	5 568 615
Til saman	8 600 000

Posten Andre tiltak biletkunst og kunsthåndverk vart nytta slik i 1992:

	kroner
Utstillingar	1 198 01
Utstyr til kunstformidling	617
Kjøp av kunst til samlingar	370
Publikasjonar	670
Andre tiltak	2 713 000

Sjå elles liste over einskilde løyvingar bak i rapporten.

Generelt

Midlane er stort sett nytta etter same mønster som i 1991. Rådet ønskjer å ha godt med midlar til utstillingar og anna som gjeld formidling av biletkunst og kunsthåndverk, slik at nye kunstnarlege uttrykk og nye former for formidling av biletkunst og kunsthåndverk kan prøvast ut.

Nedgangen i talet på søknader og reduksjonen av avsettinga skuldast at Kulturrådet si utsmykkingsordning for offentlege bygg og anlegg frå 1.1.92 vart overført til Utsmykkingsfondet for offentlege bygg. Samstundes er forvaltninga av ordningane med stønad til debuterande biletkunstnarar og kunsthåndverkarar og stønad til utstyr for kunstnarane ført over til kunstnarorganisasjonane sitt Debutant- og utstyrsstønadsutval, som ei treårig prøveordning. Den samla søknadssummen har likevel ikkje minka mykje i høve til førre året.

Kulturrådet har i 1992 sett i gang eit treårig prøveprosjekt med pilotgalleri for barn og unge. Seks kunstformidlingsinstitusjonar, spreidd over heile landet, skal desse tre åra prøve ut formidlingformer retta spesielt mot denne gruppa. Målet for pilotgalleria er at dei ska gi barn og unge fleire høve til å møte biletkunst og kunsthåndverk på ein positiv måte, og til å utvikle sine eiga evne til å oppleve kunst som ein del av kvardagen, i og utanfor skolen. Det skal vidare leggast vekt på samarbeid med ressursar i nærmiljøet, t.d. skoleverket, barnehagar og kunstsolar for barn. Noen av prosjektet vil òg trekkje inn andre kunsttarar i eit tverrkunstnarleg opplegg.

Kulturrådet har òg i 1992 støtt FORMAT, Norske Kunsthåndverkeres galleriutsal i det gamle Vestbanen bygget i Oslo. Av større tilskott kan elles nemnas midlane til skulpturparken på «Palmas» i Akkerhaugen i Telemark, og tilskott til eit kunstformidlingsprosjekt i Agderfylka, der fylkeskommunane samarbeider med Kristiansand kommune.

Kunstformidling i distrikta

Norsk kulturråd starta i 1991 opp eit utgreiingsarbeid om Rådets rolle i høve til kunstformidlinga i distrikta i 90-åra. Eit resultat av dette arbeidet er ein rapport om tilhøva ved 280 galleri og andre stader for framsyning av biletkunst og kunsthåndverk. Rapporten syner m.a. at det er berre i kvar sjette kommune at det finst lokale som er innreidd spesielt for utstillingar, som kan ta i mot utstillingar frå Museet for Samtidskunst og som held ope meir enn 14 veker i året. Dette gjer at folks høve til å få sett kunst og kunstutstillingar er dårlegare enn talet på galleri skulle tyde på. Rapporten er meint å gi grunnlag for framlegg om tiltak på ulike nivå.

Som eit ledd i utgreiingsarbeidet er det òg utarbeidd andre dokument som kan nyttast av Museet for samtidskunst og Kulturdepartementet i deira vidare arbeid med kunstformidlinga i Noreg.

Kunstnarleg utsmykking

Norsk kulturråds utsmykkingsordning vart frå 1992 overført til Utsmykkingsfondet for offentlege bygg, tidlegare Utsmykkingsfondet for nye statsbygg. Kulturrådet sette i 1990 i gang eit prøveprosjekt med desentralisering av einskilde sider ved utsmykkingsordninga. Prøveordninga skulle avsluttast i 1992, og ein er no i gang med å evaluere korleis desentraliseringa har virka.



Debutant- og utstyrsstønad

Debutantstønadsordninga er tilskott til biletkunstnarar, kunsthåndverkarar og fotografar som skal ha si første offentlege separatutstilling. Likeeins har rådet i mange år gitt tilskott til kunstnarar som treng utstyr til eigen verkstad eller gruppeverkstad. Forvaltinga av desse ordningane vart i 1992 ført over til Norske Billedkunstnere, Norske Kunsthåndverkere og Forbundet Frie Fotografer. I alt har 75 biletkunstnarar, kunsthåndverkarar og fotografar fått debutantstønad, og 71 kunstnarar har fått utstyrsstønad.

Kjøp av norsk samtidskunst

Innkjøpskomiteen for norsk samtidskunst har til oppgåve å sikre for det offentlege kunstverk av særskild interesse innanfor biletkunst, kunsthåndverk og kunstnarleg fotografi. Frå starten på ordninga i 1968 til i dag er det kjøpt inn om lag 3 500 verk. Kunstverka blir fordelt på faste samlingar over ein viss minstestørleik og med ein viss standard på visings- og lagertilhøva. For tida er 15 samlingar, spreidd over heile landet, med på ordninga.

Kjøp blir gjort av ein hovudkomite på ni medlemmer, saman med 26 representantar i distrikta. Måten å organisere kjøpa på er for tida under vurdering.

Publikasjonar

Det er gledeleg å kunne slå fast at tilfanget av søknader om stønad til utgiving av kunstfagleg litteratur har auka i høve til tidlegare år. Kulturrådet har sidan 1989 utifrå visse kriterium gitt slik stønad, som eit produksjonstilskott til forlaga. I 1992 har Kulturrådet støtt ni slike bøker.

Kulturvern – året i tal

Avsetting 1992: 11,9 mill kr (1991: 11 mill kr).

Talet på søknader: 282, av dei 25 utan søknadssum (1991: 251/25).

Samla søknadssum: kr 93 556 921
(1991: kr 56 639 648).

Midlane vart avsette slik:

	kroner
Tiltak ved dei kulturhistoriske musea	4 000 000
Andre kulturverntiltak	7 900 000
Til saman	11 900 000

I tillegg vart avsettinga til kulturvern auka med kr 1 250 000 frå posten «Andre formål», pluss kr 400 000 som vart omdisponert frå to eldre løyvingar.

Posten «Andre kulturverntiltak» vart nytta slik:

	kroner
Tekniske og industrielle kulturminne	4 045 000
Arkiv, registreringar, dokumentasjon	1 225 00
Utgivingar	741
Foto, video, film	938
Kultur og reiseliv	365 000
Det visuelle miljøet	415
Barn og unge	700
Andre tiltak	1 121 000
Til saman	3 550 000

Sjå elles liste over einskildløyvingar bak i rapporten.

Generelt

Norsk kulturråd har som to av sine målsettingar å verne kulturarven og å gjere kulturverdiane tilgjengelege for flest mogleg. Innan kulturvernarbeidet har det vore viktig å sjå heile kulturvernområdet i samanheng.

Tiltak ved dei kulturhistoriske musea

Søknadene fortel at musea er inne i ein aktiv periode med store utfordringar innan formidling. Det har òg i 1992 vore naudsynt å avslå mange gode museumssøknader, då ressursane Kulturrådet rår over ikkje står i høve til dei utfordringar desse institusjonane har, både som vernarar av nasjonal og lokal identitet og kultur, og innan samtidsdokumentasjon.

Eit av innsatsfelt på museumssida er informasjons-teknologi. Norsk folkemuseum fekk i 1992 stønad til registrering av delar av gjenstandssamlingane i ein biletdatabase. Denne vil kunne nyttast både av publikum og av spesielt interesserte.

Andre kulturverntiltak

Midlane under posten «Andre kulturverntiltak» gir råd og høve til å ta fatt i forsømte oppgåver og prøve ut ny idear innan kulturvernet.

Tekniske og industrielle kulturminne

Ansaret for bygningsvern og faste tekniske anlegg høyrer frå budsjettåret 1991 inn under Miljøverndepartementet. Norsk kulturråd har i denne samanheng samarbeidd med dei antikvariske styresmakter i ått utvalte prosjekt av nasjonal interesse.

Arkiv, registreringar, dokumentasjon

Norsk kulturråd har gjennom fleire år prioritert arkivbevaring. Arbeidet med å registrere og sikre verdfull bedriftsarkiv held fram, og det er i tillegg arbeid med eit EDB-basert system for lokal- og privatarkiv.

Utgivingar

Kulturrådet gir stønad til viktige faglege og kulturhistoriske utgivingar. Det immatrielle kulturvernet har difor òg fått god dekning i Kulturrådet sitt arbeid for 1992.

Foto, video, film

I desember 1992 kom «Fotografi, fortid og fremtid – plan for vern av fotografi», utarbeidd av Norsk kulturråds arbeidsgruppe for fotobevaring. Dette er ei oppfølging av arbeidet med fotobevaring som Norsk kulturråd i mange år har sett som eit viktig satsingsområde.

Kultur og reiseliv

Eit stadig meir aktuelt område for satsing i Kulturrådet er kultur og reiseliv. Eit konkret døme på satsing på kultur og reiseliv er stønad til eit spesialnummer av «Fortidsvern» med tema kulturvern og reiseliv.

Det visuelle miljøet

I samband med at Kulturrådet satsar på tverrfagleg prosjektarbeid, er det innan kulturvernsettinga prioritert å satse på kulturvernprosjekt med slikt preg. Ein stor publikasjon om Risør er under arbeid og vil kunne gi verdfull informasjon om det omfattande vernearbeidet som Risør er eit godt døme på. Det er i tillegg gitt stønad til formingsrettleiarar til noen kommunar.

Barn og unge

Det tredje området for særskild satsing i Kulturrådet er barn og unge. Kulturrådet sette i 1992 av 1 mill kr til ein innsats på området barn/unge og museum og peikte ut ei eiga arbeidsgruppe til å få fram gode prosjekt. Rådet prioriterer prosjekt med stor overføringsverd og tiltak der barn og unge er med i arbeidet. Slike tiltak tar ofte utgangspunkt i nærmiljø og nær fortid og samarbeid mellom generasjonane.

I tillegg til denne spesialsatsinga er det óg gitt stønad til andre prosjekt som særleg siktar mot barn og unge.

Andre tiltak

Eit prosjekt som merkjer seg ut, er St Jørgen Hospital – senter for lepradokumentasjon. Dette senteret skal formidle delar av norsk helse- og sosialhistorie som var banebrytande også internasjonalt. Eit anna prosjekt som er verdt å trekkje fram, er istandsettinga av Taubanesentralen i Longyearbyen på Svalbard. Her var Kulturrådet med på å gjere eit viktig kulturminne tilgjengeleg for folk.

Samisk kultur – året i tal

Avsetning 1992: 4,65 mill kr (1991: 3,7 mill kr).

Talet på søknader: 132, av dei 11 utan søknadssum (1991:149/7).

Samla søknadssum: kr 11 068 186

(1991: kr 13 065 685).

Midlane vart nytta slik:

	kroner
Samisk litteratur	1 750 00
Samisk biletkunst og duodji	1 000 00
Samisk musikk	1 100 00
Andre tiltak samisk kultur	800 000
Til saman	4 650 000

Medrekna kr 776 586 til samiske tiltak frå andre avsetningar og kr 48 750 i omdisponeringar, har rådet nytta om lag kr 5 475 330 til samiske kulturformål i 1992. Det er ikkje gitt tilsegner for 1993.

Under innkjøpsordninga for ny norsk barne- og ungdomslitteratur er Inga Ravna Eiras bok «Mellet» kjøpt inn i norskspråkleg utgåve. Synnøve Persens bok «Vindløse stier» er kjøpt inn på same vis under innkjøpsordninga for vaksne.

Posten «Andre tiltak samisk kultur» er nytta slik:

	kroner
Kulturvernprosjekt	335
Særskilde bokutgivingar	50
Kulturarrangement	72
Andre formål	342 650
Til saman	800 100

Generelt

Kulturrådets faglege utval for samisk kultur har knesett som prinsipp å stø samiske kulturaktivitetar i heile det samiske busettingsområdet. Utvalet har difor reist på synfaringar til ulike område kvart år. Målet er å samle kunnskap om aktivitetar, informere om stønadsordningar og vonleg gi praktisk rettleiing, råd og vink til interesserte. I 1992 var utvalet på synfaring i Tysfjordområdet.

Kulturdepartementet løyvde i 1992 1,5 mill kroner til samiske forlag som hovudsakleg gir ut samiske bøker. Pengane skulle tryggje stabil og effektiv produksjon. Rådet fekk i oppdrag å fordele midlane, og fem forlag fekk stønad.

Ansaret for samisk kulturforvaltning er overført til Sametinget frå 1993, og administrasjonen for det nyskipa samiske kulturrådet skal liggje i Tysfjord kommune.

Litteratur

I 1992 gav rådet stønad til 11 bokutgivingar og to bokkassetar. Det er framleis stort behov for løyvingar til samisk bokavl. Ved utgangen av rådsperioden er søknadssummane langt høgare enn dei avsette midlane. Det ser ut til å vere auka interesse og sterkare tildriv i arbeidet med samisk bokproduksjon.

Kvalitetsvokster innanfor den samiske bokproduksjonen krev betre kritkarfunksjon og betre konsulentarbeid. Rådet har gitt stønad til eit kritkar- og konsulentseminar hausten 1992, og det er avsett pengar til eit oppfølgingsseminar. Rådet har òg gitt stønad til utgiving av bokkassetar for barn, og følgd opp prøveprosjekt for utgiving av samiske barneblad. Det er òg gitt stønad til utvikling av samisk dramatikk.

Biletkunst og duodji

Innkjøpa av samisk samtidskunst og kunsthandverk held fram. I 1993 kjem den første utstillinga av innkjøpt samisk samtidskunst og duodji ved Sámi Vuorká-Dávvirat/De Samiske Samlinger. Samstundes går arbeidet med registrering og avfotografering av innkjøpt kunst vidare.

Det er drøftingar i gang med Utsmykkingsfondet for offentlige bygg om overtaking av ansvaret for utsmykking av samiske bygg. Her har det komme opp ein ide om skiping av eit eige Samisk Regionalt Samarbeidsutval (SRSU).

Rådet har elles gitt løyving til utgiving av hefte i samband med marknadsføring og formidling av duodji. Også i 1992 har rådet gitt stønad til «Arts from the Arctic», som er eit samarbeidsprosjekt mellom Sápmi, Alaska, Canada, Grønland og Russland. Prosjektet skal avsluttast med utstillingar og andre kulturtiltak i samband med FN's Urbefolkningsår i 1993.

Planane om eit eige samisk kunstmuseum er gamle. Rådet gav i 1992 stønad til ei utgreiing om eit slikt museum.

Musikk

Den samiske musikkaktiviteten er spreidd rundt om i heile landet, og det er gitt stønad til alt frå innspelningar av samisk song og musikk, konsertar og arrangement av ymse slag og til informasjonsverksemd om samisk musikk og samiske musikktradisjonar.

Eit forsøksprosjekt med «Samisk Grand Prix» i Kautokeino fekk i 1992 stønad på andre året. Av store tiltak kan elles nemnast arbeidet med samisk musikkbibliografi og diskografi som er sett i gang på initiativ fra rådets underutval for samisk musikk.

Rådet har i 1992 greidd ut spørsmål knytt til spreiging og marknadsføring av mellom anna musikk. I kjølvatnet av denne utgreiinga blei det halde eit seminar om korleis ein kan betre vilkåra for både musikarar, produsentar og publikum.

Andre tiltak

Rådet har gått inn på eit prøveprosjekt for samiske barn innanfor skolefritidsordninga. Av større prosjekt elles har rådet gitt midlar til ei sørsamisk vandreutstilling og eit prosjekt for restaurering av gamle nitratfilmor som handlar om samane.

Barne- og ungdomskultur – året i tal

Avsetting 1992: 6,7 mill kr (1991: 5,7 mill kr).

Talet på søknader: 85, av dei 11 uten søknadssum (1991: 66).

Samla søknadssum: kr 11 226 489 (1991: kr 8 572 652).

Midlane vart nytta slik:

	kroner
Litteratur	130
Musikk	392
Biletkunst	794
Teater	367
Dans	580
Kultur og skole	490
Film/media	615
Informasjon/formidling	1 663 33
Samiske kulturtiltak	274
Visuelt miljø	152
Tverrkulturelle prosjekt/tiltak	230
Større utviklingsprosjekt	1 000 000
Til saman	6 700 000

Midlane vart fordelte dels på tiltak etter søknader utanfrå, dels på tiltak/prosjekt som Kulturrådet sjølv har tatt initiativ til. Sjå elles liste over einskildløyvingane bak i rapporten.

Generelt

I arbeidet med barne- og ungdomskultur er det viktig å skilje mellom vaksenprodusert kultur for barn og unge, og barn og unges eigen kultur. Dette vil seie at det må satsast både på å gi barn og unge tilgang til kulturaktivitetar på ulike område og dessutan på at det er rom for eigen kreativitet og utfolding.

Eit prinsipielt utgangspunkt for arbeidet med barn og unge er at dei skal handsamast som ein integrert del av samfunnet og at deira interesser og behov så langt råd er skal sikrast innanfor ordningar som gjeld heile folket. Etersom barn og ungdom er ei gruppe med lita makt til å påverke sin eigen situasjon, er det naudsynt med en positiv særhandsaming. På kulturområdet vil dette seie at det blir satsa på særlege kulturtiltak for barn og unge. Samstundes må kulturaktivitetar for vaksne leggjast til rette for at barn og unge kan ta del der det høver.

Jamvel om det nå er større fokusering på området barne- og ungdomskultur, er situasjonen framleis prega av at viljen er større enn evna, og at sektoren kan råkast av politiske nedskjeringar på lokalt og regionalt nivå. Dette har fått følgjer både for gjennomføring av prosjekt med kommunal/fylkeskommunal medverknad, og for at potensielle søkjarar i det heile vender seg til

rådet. Statlege tilskott blir sett på som ei redning både for å føre ordinære tiltak vidare og for å sette i gang nye aktivitetar. Stramme økonomiske rammer påverkar truleg både det generelle aktivitetsnivået og opninga for nytenking på sektoren.

Større prøveprosjekt

Rådet har tatt initiativ til ei rad større prøveprosjekt innan området barne- og ungdomskultur, i hovudsak baserte på utstrakt samarbeid med institusjonar og organisasjonar. Prosjekta tar opp forsømte område og/eller tar sikte på å få meir systematisk røynsle på felt der det har vore stor interesse utanfrå. Dei fleste prosjekta tar utgangspunkt i ei heilheitleg og tverrfagleg tenking i høve til barn og unges oppvekstmiljø. Felles for mange av prosjekta er dessutan ei synliggjeriing av barn og unge som ressurs både i høve til seg sjølve og andre i nærmiljøet.

Større treårige prøveprosjekt som vart avslutta i 1992, er «Levende bilder barn og unge», «Kunstskeoler for barn og unge» og forsøk med tilskottsordninga «Prøv Selv». Røynslene frå dei tre prosjekta er oppsummerte i rapportar som blir distribuerte til aktuelle instansar på kommunalt, regionalt og sentralt hald. Det er også laga video frå arbeidet som distribuerast gjennom Statens Filmsentral. I samband med avsluttinga av Kunstskeoleforsøket er det gjort ei landsomfattande kartlegging av aktivitetane på dette området.

Prøveprosjekta har gitt verdfull kunnskap om kultur- og fritidsstoda for barn og unge og i høve til tverretatteleg tverrfagleg samarbeid på ulike nivå. Røynslene frå prosjekta blir ført vidare i samanhengar der det er aktuelt.

Større treårige prosjekt som ikke er avslutta i 1992, er «Kulturgivprosjektet», «Barn, unge og museum» og «Forsøk med barnefilmklubbbar». Kulturgivprosjektet vart sett i gang i 1991 og omfattar ni kommunar i tre fylke. Prosjektet har som mål å stimulere til auka aktivitet på kultursektoren med utgangspunkt i ungdom som aktive kulturskaparar. Prosjektet Forsøk med barnefilmklubbbar går i regi av Norsk Filmklubbforbund og har mellom anna som mål å få røynsle med ulike driftsmodellar og med korleis barn og unge kan vere med og drive klubbane.

Kultur – skole

I samarbeid med Fellessekretariatet for skolefritidsordningar er det gitt tilskott til tre fylke for å stimulere til og få røynsle med kulturformidling i ein utvida skoledag. Aktuelle skolar har fått midlar til å prøve ut korleis profesjonelle kunstnarar kan trekkjast inn i arbeidet, og til å utforme og ta i bruk skolens uteanlegg og nærmiljø på nye måtar. I samarbeid med Kommunenes Sentralforbund er det gjort ei kartlegging av det kulturelle

innhaldet i skolefritidsordningane. Materialet skal eventuelt følgjast opp med aktuelle tiltak.

Rådet har gitt tilskott til Norsk senter for barneforskning for å få ei evaluering av korleis barna sjølve ser på skolefritidsordninga.

Nye prosjekt og satsningsområde

Hausten 1992 vart alle landets kommunar inviterte til å delta i eit treårig forsøk med dans for og med barn og unge. Målet med prosjektet er å stimulere interessa for dans og få røynsle med korleis ulike danseaktivitetar kan organiserast i og utanfor skolen. Aktuelle kommunar blir plukka ut på grunnlag av innkomne søknader. Prosjektet blir administrert av Norsk senter for barneforskning.

Rådet har løyvt midlar til eit treårig pilotgalleriprojekt som skal omfatte seks prosjektstader. I kapitlet «Biletkunst og kunsthåndverk» finn ein meir om dette.

På området «Det visuelle miljøet» er det løyvt midlar til to større prosjekt for å få røynsle med utforming av skoleanlegg og korleis dette kan fungere som ein møtestad også utanfor skoletida. Eit mål for tiltaka er også at barn og unge skal trekkjast aktivt med i planlegging og gjennomføring av aktivitetane.

Det er også løyvt midlar til prosjektet Kultur for og med barn og unge i drabantbyar, i samarbeid med Oslo kommune. Prosjektet skal settast i gang i 1993.

Rådet har gitt midlar til Programmet for ungdomsforskning for å få fram statistikk og kunnskap om ungdoms kulturbruk og kulturvanar.

Formidling

Ved fordeling av midlar til større prosjekt er det lagt vekt på evaluering og rapportering for å spreie aktuelle røynsler til andre.

Hausten 1992 heldt Kulturrådet to landsomfattande konferansar for politikarar og administrativt tilsette frå skole- og kultursektoren i kommunar og fylke. Konferansen «Jeg fant jeg fant» hadde som hovudmål å formidle røynslene frå forsøk med tilskottsordninga «Prøv Selv». På konferansen «Ungdom og kultur – de unges eget ansvar» vart det mellom anna fokusert på ungdom som aktive kulturutøvarar og formida røynsler frå aktuelle tiltak på ulike kulturområde. Begge konferansane vart arrangert i samarbeid med andre statlege instansar. Ansvar for gjennomføringa av ungdomskonferansen tok Østfold fylkeskommune på seg.

Samarbeid med andre instansar

Ut over samarbeid med aktuelle instansar om gjennomføring av konkrete prosjekt, er det tatt initiativ til møte med andre departement for å avklare ansvarsdeling og for å diskutere eventuelle samarbeidsoppgåver på ulike område. Som døme på slike kan nemnast kultur-skole, oppgåver knytte til plan- og bygningsloven, utforming av skoleanlegg, og ungdom, kultur og arbeidsløyse.

Kulturbygg – året i tal

Avsetting 1992: 8,5 mill kr (1991: 8,5 mill kr).

Talet på søknader: 37, av dei 2 utan søknadssum
(1991: 32/3).

Samla søknadssum: 68,1 mill kr (1991: 71,2 mill kr).

Midlane til kulturbygg vart nytta slik:

	kroner
Setedalsmuseet, eldfast museumsbygg	1 000 00
Jærmuseet, eldfast museumsbygg	2 500 00
Nordfjord Folkemuseum, eldfast museumsbygg	2 000 000
Bryggens Museum, tilbygg	650 000
Fauske Museum, ombyggingsarbeid	300 000
Lommedalsbanen, administrasjonshus	110 000
Urskog-Hølandsbanen, lokomotivstall	400 000
Stokke Bygdetun, magasinbygg	540 000
Kystmuseet i Sogn og Fjordane, ombyggingsarbeid	650 000
Norsk Jernbaneklubb, vognhall	150 000
Hallingdal Folkemuseum, ombyggingsarbeid	200 000
Til saman	8 500 000

Ei tilsegn for 1993 vart gitt til Nordfjord

Folkemuseum, eldfast museumsbygg 1 000 000

Andre formål – året i tal

Avsetning 1992: kr 15 888 000 (1991: 12,5 mill kr).

Talet på søknader: 236, av dei 33 utan søknadssum (1991: 182/24).

Samla søknadssum: kr 64 779 525 (1991: kr 28 406 455).

Midlane vart nytta slik:

	kroner
Kultur og reiseliv	2 665 00
Det visuelle miljøet	3 000 00
Teaterformål	3 139 50
Korttidsengasjement av koreografar	289
Andre tiltak	3 342 54
Overføringar	3 361 000
Til saman	15 797 040

Sjå elles liste over einskildløyvingane bak i rapporten.

Generelt

Denne avsetninga er den generelle disposisjonsposten til rådet. Det er i hovudsak denne posten som gjer det mogleg å ta nye initiativ og prøve ut nye tiltak og idear. Mange av dei søknadene som fell utanfor dei etablerte kategoriane og tilskottsordningane, kan likevel bli til spanande og viktige tiltak som det bør satsast på. I tillegg har det meste av midlane til dei særskilte satsingsområda gått frå denne posten. Rådet prøver såleis å få «Andre formål»-posten så stor som råd er.

Kultur og reiseliv

Kulturrådet starta i 1991 opp eit fireårig samarbeidsprosjekt på området kultur og reiseliv. Det er oppretta eit nasjonalt samarbeidsorgan som skal arbeide for eit varig og kontinuerleg samarbeid mellom kultur og reiseliv nasjonalt, regionalt og lokalt. Målet er kulturell vekst, positiv næringsutvikling og auka sysselsetting. Ved utgangen av 1992 er prosjektet halvvegs. Det første året vart i stor grad nytta til organisering av prosjektet, medan 1992 har vore konsentert om å sette i gang einskildprosjekt. Det har vore ei prioritert oppgåve å syne ulike former for samarbeid gjennom konkrete prosjekt, og ein har valt å gå inn i noen få større prosjekt framfor ei rad mindre.

Midlane vart nytta slik:

	kroner
Pilotprosjekt kultur og reiseliv	1 080 000
Utgreiingar og undersøkingar	485 000
Større utviklingsprosjekt	1 100 000
Til saman	2 665 000

Midlane gjekk dels til tiltak etter søknader, dels til prosjekt som Kulturrådet sjølv har tatt initiativ til.

Større prøveprosjekt

